

Alden Hamneområde
Rådsmøtet
v/leiar Vidar Grønnevik
6900 FLORØ

Dykkar ref.: Rekneskap 311217 *Vår ref.:* f:\alden hamneområde\beretning2017 *Arkivkode:* 210P01&14 *Journalnr.:* 059 / 2018 *Dokumentdato:* 9. april 2018

REVISJONSBERETNING 2017 – ALDEN HAMNEOMRÅDE

Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale hamneføretaket *Alden Hamneområde* for 2017. Rekneskapen er ført som del av rekneskapen til det kommunale hamneføretaket i Flora kommune, Flora Hamn KF, under eige ansvars-/tenesteområde med nemninga «Alden Hamneområde». Alden Hamneområde har eit årsoverskot i drift på kr. 1.247.270,-. Årsoverskotet er avsett i sin heilhet til tryggleikstiltak. Pr. 31.12.2017 viser rekneskapen ei avsetning til tryggleikstiltak på kr. 4.159.481,46.

Leiinga sitt ansvar for rekneskapsoppstillinga

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide rekneskapsoppstillinga og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med krav i lov og forskrift som er relevante for å utarbeide ei slik rekneskapsoppstilling, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide eit rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om rekneskapsoppstillinga på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane. Desse standardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at rekneskapsoppstillinga ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon. Ein revisjon inneheld utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i rekneskapsoppstillinga. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurderingar av risiko for at rekneskapsoppstillinga inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for Alden Hamneområde si utarbeiding av ei rekneskapsoppstilling som gjev eit rettvisebilde, med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av Alden Hamneområde sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige, og om eventuelle rekneskapsestimat utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den generelle presentasjonen av rekneskapen.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl Havn, mobil. 917 42 035

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll, Gulen
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret;
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobil. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil. 47 65 50 93


Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for vår uttale og konklusjonar.

Konklusjon

Vi meiner å kunne gje uttrykk for at vi ikkje kan sjå at rekneskapen er i strid med samarbeidsavtaler, vedtak, vedtekne vedtekter eller føremål for det interkommunale hamneføretaket. Alden Hamneområde er organisert etter Kommunelova § 27, der den løpande drifta i tillegg vert regulert etter gjeldande Kommunelov med tilhøyrande forskrifter, og særskild Lov om Hamner og Farvatn.


Vi meiner at rekneskapsoppstillinga pr. 31.12.2017, saman med Rådet si årsmelding for 2017, gjev ei dekkande framstilling av driftsresultatet i 2017 og for den finansielle stillinga til Alden Hamneområde pr. 31. desember 2017; som etter vår oppfatning er i samsvar med krava i det rammeverket for finansiell rapportering som er gjeldande og relevant for utarbeidinga av rekneskapsoppstillinga og presentasjonen av denne.

Florø den 9. april 2018

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 107, 6801 Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef


Trine Vokuhl Havn
Kommunerevisor 1

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen 1
Ytre Sogn og Sunnfjord

REKNESKAPSÅRET 2017

KOMMUNEREVISJONE
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 27.03.2018 Off:
Sak nr. 058-2018 Regate
Arkiv: 210 Pol 14
Avd.kode: 1401/KF
Sakshandsamar: T.F.



Rådet si årsmelding 2017

- Årsrekneskap
- Noter

Alden hamneområde er eit samarbeidsprosjekt mellom kyst- og fjordkommunar i Ytre Sogn og Sunnfjord; Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Hyllestad og Naustdal.

Alden hamneområde.

Alden hamneområde vart etablert hausten 2011 og starta verksemda 1. januar 2012, samstundes med at den nye Lov om Hamnar og Farvatn tok til å gjelde fullt ut.

Arbeidet er organisert som eit § 27 samarbeid, som skal sikre at kommunane får oppfylt sine krav, samstundes som ein får utnytte stordriftsfordelane og spisskompetansen som finnst i eksisterande organisasjonar.

Alden hamneområde er oppretta for å ivareta deltakar-kommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn, samt dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter.

Flora Hamn KF krev inn anløps avgift for medlemskommunane og står som operatør for planlegging, utføring og dokumentasjon av tiltak som har med tryggleik i sjøområdet som er omfatta av hamneområdet.

Flora Hamn KF tek og ein del sakshandsaming etter Lov om Hamner og Farvatn for kommunane som er med i samarbeidet.

Samarbeidet har fungert godt og det har vore to rådsmøter i 2017.

Samarbeidet ledast av eit råd beståande av ein representant frå kvar kommune som er med i samarbeidet. Vidar Grønnevik er valt som leiar for rådet.

Monica Sande frå Bremanger kommune er inn leigd i inntil 50 % stilling i samarbeidet. Ho er og sekretæriatsleiar for samarbeidet. Samarbeidet mellom Alden hamneområde og Bremanger kommune er planlagt å avslutte sommaren 2018, og det er planlagt å nytte eigne ressursar til å utføre dette arbeidet.

Økonomiske resultat 2017

Alden hamneområde hadde ei omsetning i 2017 på Kr 4 753 010
Årsresultatet enda i 2017 på Kr 1 247 270 før avsetnad til tryggleikstiltak.

Positivt netto driftsresultat i 2017 på Kr 1 247 270 skal nyttast til konkrete tryggleikstiltak i hamneområdet, som utdjuping, merking, tryggleiksmateriell m.m. og vert difor avsett til slikt formål i rekneskapet.

Regelverket set strenge krav til kva anløpsavgifta kan nyttast til og føreset at innkravd anløpsavgift i si heilheit skal nyttast til formålet slik at det totalt sett resulterer i eit 0-resultat over ein 3 - 5 årsperiode.

Akkumulert resultat for første femårsperiode (2012-2016) inkl. alle tilskot som var løyvd utgjør pr. 31.12.2016 kr 2.162.212 og vart overført til neste femårsperiode.

Akkumulert resultat for §27 samarbeidet var pr. 31.12.2017 kr 4.159.481

Utdjuping av Værlandet hamn i Askvoll kommune:

Etter å ha gjennomført forprosjektet til utdjuping av innseglinga til Værlandet hamn i 2016 har ein i 2017 jobba med hovudprosjektet.

Hamnerådet i Alden hamneområde gjorde vedtak i og ta tiltaket – utdjuping i Værlandet hamn inn i handlingsplanen for Alden hamneområde for åra 2017 og 2018. Askvoll kommune har fått godkjendt tilskot over statsbudsjettet kap. 1360 post 60 til utdjuping i Værøy hamn. Tilskotssøknaden vart handsama i samarbeid med statsbudsjettet for 2018, og det vart løyvd 1,72 millionar til utdjuping i Værlandet hamn.

Tiltaket vart kunngjort på DOFFIN i oktober 2017, og gjennomføring av hovudprosjektet vert i 2018.

NOU 2018: 4, Sjøvegen vidare – Framlegg til ny hamne- og farvannslov

Ved kongeleg resolusjon av 12. august 2016 vart det oppnemnt eit utval som fekk i oppdrag å utreie forslag til ny hamne- og farvasslov. Hamne- og farvasslovutvalet la 01. mars 2018 fram si innstilling.

Utvalet foreslår ein ny hamne- og farvasslov. Dette betyr ein omstrukturering og forenkling i forhold til gjeldande lov, i tillegg til materielle endringar på fleire områder. For å hindre for mange lover som regulera sjøtrafikk, er i tillegg loslova(2015) inkorporert i framlegg til ny hamne- og farvasslov.

Utvalet sitt fleirtal meiner at sikkerheita for sjøfarande og andre brukarar av farvatnet bør ligge, og at det bør vere ein myndigheit som har hovudansvaret, slik at sikkerheita kan ivaretakast på ein heilskapleg og tydeleg måte.

Utvalet sitt fleirtall tilrår at ansvaret for framkomelegheit leggst til staten.

Dette medføre blant anna at alle kostnader til forvaltning av farvatn bortfaller. Og at difor ikkje lenger vert grunnlag for at kommunane skal kunne krevje inn anløpsavgift, og det er difor mogleg at det ikkje lenger vert grunnlag for §27 samarbeidet - Alden hamneområde når og dersom foreslått ny hamne- og farvasslov vert innført.

NOU 2018:4 vart 09. mars 2018 sendt ut på høyring med høyringsfrist 15. juni 2018. Det vert jobba med høyringsuttale som skal forankrast i hamnestyret og/eller hamnerådet. Vi vil tilrå alle kommunar i Alden hamneområde å svare på høyringa.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande.

Det er ikkje rapportert om skader eller ulukker på arbeidsplassen som har medført sjukefråver i 2017.

Likestilling

Alden hamneområde har i 2017 ikkje hatt tilsette, då det er tilsette i KF Flora Hamn og Bremanger Hamn som har utført oppgåvene slik at kostandane med desse er fordelt i forhold til oppgåvefordelinga. Rådet har hatt sju medlemmar, derav ei kvinne og seks menn. Styreleiar er mann.

Forsking og utvikling

Det er ikkje gjennomført forskings- og utviklingsaktivitetar i selskapet i 2017.

Rådet for Alden hamneområde

Kalvåg 25 . april 2018.

Vidar Grønnevik
Rådsleiar

Margun Hynes
Nestleiar

Bernhard Øberg
Rådsmedlem

Fritz Hugøy
Rådsmedlem

Magnar Hellebust
Rådsmedlem

Gudmund Solheim
Rådsmedlem

Steinar Kvarme
Rådsmedlem

REGNSKAP ALDEN HAMNEOMRÅDE 2017

Alden hamneområde	Regnskap	Buds(end)	Regnskap
Anløp og sakhandsaming	2017	2017	2016
Salsinntekter inkl interne overføringer	(4 777 010)	(4 621 000)	(4 154 452)
Refusjoner	(52 100)	(50 000)	(11 659)
Finansinntekter	(40 000)	(40 000)	(40 000)
Sum inntekter	(4 869 110)	(4 711 000)	(4 206 111)
Løn og sosiale kostnader	1 849 675	1 944 000	1 687 115
Forbruk drift	238 001	301 000	424 054
Kurs,reiser og transport	21 249	102 000	46 986
Bygg,drift og avgifter	43 475	80 000	60 658
Bygg,vedlikehald,inventar	102 681	155 000	116 829
Kjøp av tenester	560 769	672 000	521 700
Overføringer,tilskot	805 975	810 000	650 376
Årsresultat	1 247 285	647 000	698 393
Sum utgifter	4 869 110	4 711 000	4 206 111

Alden hamneområde	Regnskap	Buds(end)	Regnskap
Anløp	2017	2017	2016
Salsinntekter inkl interne overføringer	(4 753 010)	(4 600 000)	(4 128 287)
Refusjoner	(52 100)	(50 000)	(8 085)
Finansinntekter	(40 000)	(40 000)	(40 000)
Sum inntekter	(4 845 110)	(4 690 000)	(4 176 372)

Løn og sosiale kostnader	1 849 616	1 944 000	1 668 628
Forbruk drift	233 266	301 000	424 054
Kurs,reiser og transport	21 249	102 000	46 986
Bygg,drift og avgifter	43 475	80 000	60 658
Bygg,vedlikehald,inventar	102 681	155 000	116 829
Kjøp av tenester	541 563	651 000	510 448
Overføringer,tilskot	805 975	810 000	650 376
Årsresultat	1 247 285	647 000	698 393
Sum utgifter	4 845 110	4 690 000	4 176 372

Alden hamneområde	Regnskap	Buds(end)	Regnskap
Sakhandsaming	2017	2017	2016
Salsinntekter inkl interne overføringer	(24 000)	(21 000)	(26 165)
Refusjoner	-	-	(3 574)
Sum inntekter	(24 000)	(21 000)	(29 739)

Løn og sosiale kostnader	59	-	18 487
Forbruk drift	4 735	-	-
Kjøp av tenester	19 206	21 000	11 252
Sum utgifter	24 000	21 000	29 739

Årsresultat/overskot Alden hamneområde	1 247 270	647 000	698 393
Avsett til tryggleikstiltak i hamneområdet	1 247 270	647 000	698 393
Sum avsett til tryggleikstiltak	4 159 481		2 912 212

NOTE - usikre forpliktelser, betinga eiendeler og hendelser etter balansedagen

Krav frå Hurtigruten ASA 2011 - 2013 som ikkje er bokført i rekneskapen

	2011	2012	2013	SUM
Anløpsavgift belasta Hurtigruten ASA	851 100	762 275	843 250	2 456 625

OVERSIKT OPPSPARTE MIDLAR I ALDEN HAMNEOMRÅDE 2012 - 2017

Avsett til og bruk av oppsparte midlar i Alden hamneområde

Sum oppsparte midlar 01.01.2012	-
Avsett i 2012	1 591 797
Sum oppsparte midlar 31.12. 2012	1 591 797
Sum oppsparte midlar 01.01. 2013	1 591 797
Bruk av oppsparte midlar i 2013 - utdjuping utanfor Fugleskjerkaia	(127 547)
Avsett i 2013 inkludert korreksjon	2 821 761
Sum oppsparte midlar 31.12. 2013	4 286 011
Sum oppsparte midlar 01.01. 2014	4 286 011
Bruk av oppsparte midlar i 2014 - utdjuping utanfor Fugleskjerkaia	(192 038)
Avsett i 2014	2 823 827
Sum oppsparte midlar 31.12. 2014	6 917 800
Sum oppsparte midlar 01.01. 2015	6 917 800
Avsett i 2015	2 354 022
Bruk av oppsparte midlar i 2015 - utdjuping utanfor Fugleskjerkaia	(7 989 855)
Bruk av oppsparte midlar i 2015 - sjømåling i Flora hamnedistrikt	(1 000 000)
Sum oppsparte midlar 31.12. 2015	281 967
Sum oppsparte midlar 01.01. 2016	281 967
Tilbakeføring bruk av oppsparte midlar - utdjuping utanfor Fugleskjerkaia	1 931 851
Avsett i 2016	698 393
Sum oppsparte midlar 31.12. 2016	2 912 212
Sum oppsparte midlar 01.01. 2017	2 912 212
Avsett i 2017	1 247 270
Sum oppsparte midlar 31.12. 2017	4 159 482

Alden hamneområde 01.01. 2012 - 31.12. 2017

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Sum
Anløpsavgift	-4 913 632	-5 660 342	-5 979 529	-5 266 106	-4 128 287	-4 753 010	-30 700 907
Refusjoner	-	-	-	-1 490	-8 085	-52 100	-61 675
Renteinntekter	-	-80 000	-172 574	-80 000	-40 000	-40 000	-412 574
Sum inntekter	-4 913 632	-5 740 342	-6 152 103	-5 347 596	-4 176 372	-4 845 110	-31 175 156
Løn og sosiale kostnader	1 687 634	1 838 460	1 806 549	1 930 874	1 668 628	1 849 616	10 781 760
Forbruk drift	957 408	396 226	449 095	315 190	424 054	233 266	2 775 239
Kurs, reiser og transport	72 032	84 212	63 497	69 854	46 986	21 249	357 829
Bygg, drift og avgifter	158 899	140 591	189 649	76 574	60 658	43 475	669 846
Bygg, vedlih, inventar, edb	182 851	88 956	459 185	301 840	116 829	102 681	1 252 342
Kjøp av tenester	263 011	349 847	353 479	294 094	510 448	541 563	2 312 443
Overføringer/tilskot	-	15 714	6 823	5 149	650 376	805 795	1 483 857
Renteutgifter	-	4 574	-	-	-	15	4 589
Sum utgifter	3 321 835	2 918 580	3 328 276	2 993 574	3 477 979	3 597 661	19 637 906
Avsetning til bunde fond	1 591 797	2 821 761	2 823 827	2 354 022	698 393	1 247 270	11 537 070
Totalt	-	-	-	-	-	-	-
Utdjuping utanfor kai E - Fugleskjeret							
Bruk av bunde fond		127 547	192 038	7 989 855	-1 931 851	-	6 377 589
Kartleging med multistråle 01				1 000 000			1 000 000
Bruk av bunde fond							4 159 481
Sum ikkje brukt anløpsavgift 31.12.2017							
NOTE 1: Overføringer/tilskot rekneskap 2016							
Askvoll kommune					250 000		
Flora skogeigarlag 01					400 000		
NOTE 2: Overføringer/tilskot rekneskap 2017							
Kartleging med multistråle 02 - utbetalt 08.02.2017						350 000	
Flora skogeigarlag 02 - utbetalt 28.02. 2017						400 000	